



Statens vegvesen

ATR Eiendom AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Tommy Gulbrandsøy

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/109633-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.10.2016

Reguleringsplan – Eikanger næringsområde – gnr. 212 bnr. 6 – Lindås kommune. Forståing av rekkjefølgjekrav i §§ 1.4.5 og 1.4.6 i godkjend reguleringsplan

Vi viser til Dykkar brev av 28.10.16 med spørsmål i tilknytning til forståing av rekkjefølgjekrav §§ 1.4.5 og 1.4.6 i reguleringsføresegnene til godkjend reguleringsplan for Nordhordland Næringspark i Lindås kommune.

I samband med oppstart av m.a. arbeid med utsprenging av deler av planområdet og opparbeiding av permanent kryss til næringsområdet vart det 04.02.16 gjeve mellombels avkøyringsløyve til planområdet i inntil 6 månader frå datoen på løyvet.

Den 29.06.16 vart det så søkt om forlenging av tidlegare gjeve løyve av 04.08.16 med ytterlegare 6 månader frå 04.08.16 for å kunne fullføre bygging av nytt kryss til E39. Statens vegvesen gav 29.06.16 løyve til forlenging av det mellombels løyvet i nye 6 månader frå 04.08.16.

I § 1.4.5 står det: «Kanalisert T-kryss med E39 og busslommer må vere opparbeidd før det vert gjeve brukstillating for nokon del av næringsområdet».

Det står vidare i § 1.4.6: «Planfri kryssing mellom busslommene må vere ferdig før delområde KB2 kan takast i bruk».

ATR Eignedom AS har kome med førespurnad om det kan gjevast løyve til oppstart av byggearbeid på planerte tomter innanfor området KBA2 før nytt kanalisert kryss er bygd og teke i bruk. ATR Eignedom AS forpliktar seg til å opparbeide permanent kryss innan fristen 04.02.17 og syte for planfri kryssing mellom busslommene før delområdet KB2 kan takast i bruk (bruksløyve for nye bygg).

Statens vegvesen har vurdert søknaden om å kunne starte byggearbeid på dei aktuelle tomtene før permanent nytt kryss er opparbeidd slik det er krav om i nemnde rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Nordhordland Næringspark.

Statens vegvesen finn å kunne tilrå at slik løyve kan gjevast då det er ei relativt avgrensa tid til permanent kryss er opparbeidd og det ei klar forståing mellom partane at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bygg før rekkjefølgjekrava §§ 1.4.5 og 1.4.6 i reguleringsføresegnene til reguleringsplanen for Nordhordland Næringspark er oppfylt.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ